

# FISKERIDIREKTØREN

Bergen, 29.4.1982  
LG/VJ

062.382  
EF-Norge

## MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 33/82

### FORSKRIFTER OM DAGLEG FANGSTRAPPORTERING VED FISKE ETTER REKER I EF-SONA VED AUST-GRØNLAND I 1982.

I medhald av § 7 i Fiskeridepartementet sine forskrifter av 9. februar 1982 om regulering av rekefisket ved Vest- og Aust-Grønland i 1982 har Fiskeridirektøren 27. april 1982 bestemt:

#### § 1

- ✓ Fartøy som fiskar reker i EF-sona ved Aust-Grønland (ICES områda XIV og Va) skal Frå og med mandag 3. mai 1982 sende daglege fangstrapportar til Fiskeridirektoratet. Ved første daglege rapport skal det også opplysast om fangst sidan siste vanlege veke-rapport.

#### § 2

Desse forskriftene trer i kraft straks.

-----

Fiskeridirektøren vil gjere merksam på at desse forskriftene om dagleg fangstrapportering kjem i tillegg til dei vanlege reglane om aktiv-melding, fangst-melding, førehandsmelding om utgang og passiv-melding til EF-kommisjonen (jfr. Melding fra Fiskeridirektøren J. 45/81).